

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA  
Att. kommunedirektøren

### **Statsforvaltaren opnar tilsyn med Volda kommune**

Vi har som oppgåve å føre tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Når vi gjennomfører tilsynet, skal vi ha tilgang til dokumentasjon og ein skule sine lokale dersom tilsynet krev det.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Volda kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi skulen sin praksis ved Øyra barneskule.

Volda kommune er vald ut på bakgrunn av ei heilskapleg risikovurdering av fleire moment av brot på regelverket og kva for konsekvensar det kan ha for elevane. Øyra skule er ein av skulane i Volda kommune, og er difor vald ut for tilsyn. Denne risikovurderinga bygger på informasjon Statsforvaltaren har frå ulike kjelder.

### **Tema for tilsynet**

Temaet for tilsynet er kommunens arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Under dette temaet kontrollerer vi:

1. om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skuleeigar skulen og oppfyller plikta til å undersøke i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova § 9 A-4 og § 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.
2. om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skuleeigar og skulen oppfyller plikta til å setje inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova § 9 A-4 og § 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tidspunktet for tilsynsbesøket er 04.-05. oktober 2022. Formålet med tilsynsdagane er å samtale med elevar og føresette, og intervju assistentar, lærarar, skuleleiinga og kommuneleiinga, for å innhente informasjon om skulen og kommunen sin praksis. Vi sender tidsplanen for tilsynsdagane seinast éi veke før vi kjem.

Før sjølve tilsynsdagane vil vi ha eit formøte med rettleiing om regelverket, generell informasjon om tilsynstemaet, eigenvurdering i RefLex og gangen i eit tilsyn. Tidspunkt for formøtet er tysdag 6. september kl. 13:15 – 14:45. Målgruppa for møtet er representantar frå kommuneleiinga, rektor/inspektør, lærarar og assistentar/miljøterapeutar.

Vi har fått stadfesta datoane og tidspunkta av avdelingsleiar skule i Volda kommune Lene Nupen, som vil vere vår kontaktperson i tilsynet.

Vedlagt følgjer eit skriv til elevar og foreldre med informasjon om tilsynet. Vi ber dykk om å dele ut dette til alle elevane og foreldra ved skulen. Vi vil informere elevar og foreldre om gjennomføringa, innhaldet og utfallet av tilsynet.

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

- Vi gjennomfører formøte med rettleiing om regelverket og informasjon om tilsynet. Vi informerer om RefLex, den digitale plattformen
- De sender inn dokumentasjon via RefLex.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden kommunen og skulen.
- Vi kjem til skulen og gjennomfører intervju med tilsette og samtalar med elevar og føresette. Vi vil ha eigne intervju med sentrale personar i kommuneleiinga.
- Vi vurderer informasjonen om skulen sin praksis opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein førebels rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Eit eventuelt sluttmøte vert gjennomført i veke 45 eller 46, der vi går igjennom funna i tilsynet.
- Dersom vi finn brot på regelverket, kan de uttale dykk før vi eventuelt gjer eit vedtak.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på vår heimeside.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglane for framgangsmåten vi har skildra ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningslova § 16.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

### **De må sende inn dokumentasjon**

De har plikt til å sende inn dokumentasjon som vi har skildra i eit eige vedlegg, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Fristen er fredag 16. september 2022.

### **De har rett til å klage**

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningslova § 14.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har kome fram til dykk. De sender klagen til oss. Vi har høve til å gjere om avgjerda vår. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

Dersom vi vurderer at det er «påtrengjande nødvendig» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre oppgåvene våre, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ein eventuell klage er avgjort, jf. forvaltningslova 14 femte punktum.

Ta kontakt med underteikna dersom de har spørsmål.

Med helsing

**Jorunn Øen Nesje**- tilsynsleiar

Tlf: 71 25 85 65

E-post: [jorunn.nesje@statsforvalteren.no](mailto:jorunn.nesje@statsforvalteren.no)

Vedlegg: Liste over dokumentasjon, brev til elevane og føresette om tilsynet og brev til dei elevane og føresette som skal vere med på samtale med Statsforvaltaren.